

BEVAR TEATERVITSKAP VED UIB

UTSEGN

Til: Dekanatet og fakultetsstyret ved Det humanistiske fakultet, Universitetet i Bergen

Kopi: Kunnskapsdepartementet og Kultur- og likestillingsdepartementet

Dato: 17.03.2023

Det er med stor uro vi mottek signalet om at leiinga ved Det humanistiske fakultet ved Universitetet i Bergen (UIB) har lagt fram forslag om ei dramatisk nedbemanning på teatervitenskap for handsaming i fakultetsstyret 21. mars.

Dette framlegget truar ein sentral bastion for heile teaterfeltet og for den samfunnsbereidskapen som faget er ein umisteleg del av. Tap av to av tre vitskaplege stillingar vil i realiteten seie at vi står att med ei særskilt alvorleg svekking av fagmiljø for kritisk diskurs i Norge. Det rammar også utvikling av viktige ressursar for rekruttering i bransjen. Fagmiljøet ved UIB er lite. Nettopp difor er det naudsynt å verne det.

Som kunstnarlege og administrative leiarar for institusjonar som utfaldar si verksemd i den diskursive ramma som teatervitenskap er premissleverandør for, vil vi ytre eit markant varsko. Refleksjon og omgrepssapparat kring kunsten si rolle i samfunnet står under press. Prioriteringa av humanistiske og estetiske verdiar likeså. Med ei nedprioritering som rammar både fag og bransje så drastisk vil vi stå fattige og svekka i møte med utviklinga og framtida.

Vi syner elles til tidlegare utsegn frå NTO der vi peikar på det uhaldbare i at interne økonomiske prioriteringar ved dei humanistiske fakulteta åleine skal vere avgjerande for kor vidt ein skal ha eit teatervitenskapleg fagmiljø i Norge. Det er prekært bruk for å finne fram til overordna strukturar og ordningar som sikrar naudsynte humaniorafag, jf. [Uttalelse om utsatte humaniorafag](#) og [Bevar teatervitenskap](#).

På vegner av

Norsk teater- og orkesterforeining

Marta Færevaag Hjelle
styreleiar

Norsk teaterleiarforum

Solrun Toft Iversen
leiar